
Saksnr: 2020/35317-21
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 11.01.2021

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Ny skriftleg tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen av Ferde AS

Basert på gjennomført selskapskontroll av Ferde AS har fylkestinget i PS 2/2020 bedt fylkeskommunen sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ein rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)

Fylkestinget bad også (punkt fem) eigarane lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for tiltak som skulle setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skulle setjast i verk og kven som skulle ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanen for oppfølging av selskapskontrollen vart lagt fram for kontrollutvalet i september 2020, sak 77/2020. Kontrollutvalet ber i møtet fylkesrådmannen om å kome med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av Ferde AS til første møte i kontrollutvalet i 2021.

Status for oppfølging av selskapskontrollen er at Vestland fylkeskommune, i tråd med handlingsplanen, har vedteke eigarstrategi for Ferde AS. Eigarstrategien er felles for dei tre eigarane.

Med eigarstrategien etablerer eigarane ein rutine for jamlege eigarmøte der m.a. rapporteringa frå selskapet er tema. Eigarane har vidare fastsett fristar for varsling av møtedatoar, noko som skal sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte.

Den vedtekne eigarstrategien er lagt ved i sin heilskap. Rogaland fylkeskommune vedtok strategien i desember. Agder fylkeskommune skal handsame saka no i januar.

Vedlegg

- 1 Vedteken eigarstrategi for Ferde AS